




Fisken gullvederbuk har gjort Skårsvatnet kjend over heile landet som «Gullfiskvatnet», etter at den vart utsett her i 1914.

It is the golden ide that has made Skårsvatnet lake known all over the country as the "Goldfish lake", after it was introduced to the lake in the summer of 1914.

Die gelbe Aland wurde im Sommer 1914 im See Skårsvatn ausgesetzt und hat den See als "Goldfischsee" im ganzen Land bekannt gemacht.



Gullfiskdammen - Skårsvatnet.

Foto: Jan Rabben



Rute og ymse av interesse

Frå Rv7 i rundkøyringa ved Øystese sentrum køyrer du oppover vegen som er merka Soldal.

Om Gullfiskvatnet:

Skårsvatnet – «Gullfiskvatnet» - er eineståande i distriktet med sine fem fiskeartar: Gullvederbuk, ein fargevariant av vederbuk (*Leuciscus idus*), karuss (*Carassius carassius*), aure (*Salmo trutta*), ål (*Anquilla anquilla*) og trepigga sting-

Route and places of interest

From roundabout on Rv7 at Øystese village, take turning uphill for Soldal.

The Goldfish lake:

Skårsvatnet – the "goldfish lake"- is unique in this district having five different species of fish: "The golden ide" a coloured variety of the ide (*Leuciscus idus*). Crucian carp (*Carassius carassius*), trout (*Salmo trutta*), eel (*Anguilla*

Route

Verlassen Sie die Strasse Rv7 bei dem Kreisverkehr in Øystese, und folgen der Strasse nach Soldal.

Der Goldfischsee:

Das Skårsvatn – "Goldfischsee" - ist einzigartig in deisem Bezirk, es hat fünf Fischarten: Die gelbe Aland, eine farbenprächtige Art der Aland (*Leuciscus idus*); Karausche (*Carassius*



sild (*Gastreosteus aculeatus*). Vatnet har ei flatevidde på 82 dekar og ligg 113 meter over havet.

Gullvederbuk og karuss vart utsett i vatnet i 1914. Dåverande statslege i Bergen, Klaus Hansen, bror til Armauer Hansen som oppdaga leprabasillen, var på reise i distriktet for å kartleggja tuberkulose saman med distriktslegen i Kvam, Munch Sjøegaard. Distriktslegen fortalde at Skårsvatnet var fisketomt. Klaus Hansen uttalte då at han kunne skaffa fisk som ville tole «klimaet» i vatnet.

På den tida fanst både gullvederbuk og karuss i nokre dammar i Nygårdsparken i Bergen. Eit par spann med desse fiskane vart sende med rutebåten frå Bergen til Øystese. Korleis gullvederbukken har kome til Bergen er usikkert, men han har truleg vore prydfisk i dammar både i Nygårdsparken og på Milde utanfor Bergen. Gullvederbukken i Nygårdsparken strauk med i nokre harde kuldevintrar midt i 1920-åra.

I Europa er gullvederbuk kjend frå Tatrafjella (1.350 m.o.h.) i Tsjekia. I Noreg finst den einaste ville stamma av gullvederbuk i Skårsvatnet. Gullvederbuk er ikkje ein eigen art, men ein fargevariant av vanleg vederbuk. Når gullvederbukken kryssar seg med kvarandre, får ein også vanleg vederbuk. Dei gråsvarte fiskane som er saman med gullvederbukken i vatnet, er vanleg vederbuk. Gullvederbukken kan, som annan karpefisk verta svært gammal, kring 50 år er ikkje uvanleg

Både gullvederbuk og stingsild ser du lett i vatnet. Dei andre fiskeartane er vanskelegare å få auga på. Karuss og gullvederbuk høyrer til karpefiskane, ein av dei mest artsrike (om lag 1450 artar) fiskefamiliane som finst. Karpefiskane er den viktigaste matfisken i ferskvatn i verda. Karuss er svært hardfør og greier seg nesten utan oksygen. Han trivst i vegetasjonsrike vatn som ofte kan vera sterkt tilgrodde.

Det er ulovleg å fiska gullvederbuk.

anguilla), and stickleback (*Gastreosteus aculeatus*). The lake is 20,5 acres and lies 113 meters above sea level.

The golden ide and crucian carp were introduced to the lake in the summer of 1914: Doctor Klaus Hansen from Bergen, whose brother Armauer Hansen discovered the lepra-grem, was in the district of Kvam along with the local doctor Munch Sjøegaard working together on a survey, involving the spreading of tuberculosis. When doctor Sjøegaard mentioned that the lake was empty for fish, doctor Hansen said he knew of a species of fish which would adjust well to the conditions.

At that time you could find both the golden ide and crucian carp in a pond at Bergen "Nygårdsparken". The result was that two buckets of fish were sent from Bergen to Øystese by steamboat and put out into the lake. How the fish first came to Bergen is unknown, but they were probably ornamental fish in the ponds both in "Nygårdsparken" and "Milde", which is just outside Bergen. The golden ide died out in Bergen after a couple of very hard winters around the middle of the 1920"s.

In Europe the golden ide is found in the Tatra mountains in the Czech Republic. The only wild species of the golden ide in Norway is here in the Skårsvatn. The golden ide is not a separate species, but a coloured variety of the ide. When you cross two golden ides, you can also get ordinary ide. The grey/black fish among the golden ones in the lake, are these ide. Like other carp the golden ide can reach a great age and it is not unusual for them to reach 50 years of age.

Both the golden ide and the stickleback are easy to see, unlike the other species in the lake. Crucian carp and the golden ide belong to the Carp family, one of the most varied species (about 1.450 types). Carp are an important food source for fresh water fish. Crucian carp is a very hardy fish which thrives in shallow water, often overgrown with vegetation in the lake.

It is illegal to catch the golden ide.

carassius); Forelle (*Salmo trutta*), Aal (*Anguilla anguilla*) und den dreistacheligen Stichling (*Gastreosteus aculeatus*). Der See hat eine Fläche von 8,2 Hektar und liegt 113 Meter über dem Meerespiegel.

Die gelbe Aland und die Karausche wurden im Sommer 1814 im See ausgesetzt. Der damalige Staatsarzt im Bergen, Klaus Hansen (der Bruder des Armauer Hansen, der Entdecker des Lepreaerregers) reiste durch unseren Bezirk im mit dem Bezirksarzt Munch Sjøegaard die Tuberkuloseverbreitung zu untersuchen. Damals erzählte der Bezirksarzt dass der See Skårsvatn fischlos wäre. Klaus Hansen meinte darauf, er könne Fisch beschaffen der des Klima verträgt. Zu dieser Zeit gab es sowohl gelbe Aland als auch Karausche in ein paar Teichen im Nygårdsparken beim Museum im Bergen. So wurden ein paar Eimer gefüllt mit Fischen, per Boot von Bergen nach Øystese geschickt.

Wie die gelbe Aland nach Bergen kam ist nicht ganz klar, aber es war wahrscheinlicch Zierfisch in den Teichen vom Nygårdsparken und in Milde, ausserhalb von Bergen. Die gelbe Aland im Nygårdspark starben während eines kalten Winters in den 1920-er Jahren.

In Europa ist die gelbe Aland vom Tatragebirge (1350 m. ü. NN) in der Republik Tchecho bekannt. Den einzigen wilden Stamm des gelbe Aland in Norwegen findet man bei uns im Skårsvatn. Die gelbe Aland ist keine eigene Spezie, sondern nur ein farbenprächtige Art des Alands. Wenn die gelbe Aland sich untereinander kreuzen können normale Alande entstehen (die Fische sind mischerblich, die Farbe ist dominant) Die grauschwarzen Fische, die mit die gelbe Alande im See schwimmen, sind normale Alande.

Die gelbe Aland kann wie andere Karpfenarten sehr alt werden, 50 Jahre sind keine Seltenheit. Während man die gelbe Aland und den Stichling leicht entdeckt, sieht man die anderen Fischarten weniger gut.

Karausche und die gelbe Aland gehören zur Gattung der Parpfen, eine der artenreichsten Fischart die es gibt (ca. 1.450). Karpfen sind die wichtigsten Nahrungsfische der Süßwasserfische. Die Karausche ist recht anspruchslos, sie lebt am liebsten in flachen vegetationsreichen Seen, die meistens auch zuge wachsen sein können.

Es ist verboten die gelbe Aland zu angeln.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturan er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.